Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 09.03.2026

Vår ref: 2025/2865

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Bjørnafjorden kommune
Postboks 24
5649 EIKELANDSOSEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Oppsummering frå kommunemøte med Bjørnafjorden 27. november 2025

Vi viser til hyggeleg og godt møte med Bjørnafjorden kommune 27.11.25. Statsforvaltaren vil takke kommunen for god informasjon, godt førebudde innlegg og ein nyttig dialog om dei sentrale tema som var sette på dagsorden under møtet.

Vi førebur eit kommunebilde før vi besøker kommunen, som dannar grunnlaget for val av tema til møte. Ut frå dialogen i møtet avtalar vi gjerne nærmare oppfølging av utvalde tema. Kommunebildet blir oppdatert etter møtet, lagt ut på nettsida til Statsforvaltaren og blir tilgjengeleg for alle interesserte. For administrasjonen og kommunepolitikarane kan kommunebildet gje signal om utfordringar det er viktig å ta tak i for kommunen.

Utvalde sentrale tema for nærmare dialog i møta er inndelte etter overordna oppgåver og roller til kommunen som: – tenesteytar og myndigheitsutøvar – styring og forvalting – samfunnsutviklar og demokratisk arena.

Etter møtet med dykk har vi samanfatta sentrale tema som var til drøfting etter nemnde inndeling. Vi har lagt vekt på informasjon frå kommunen med bakgrunn i at kommunebildet var grunnlaget for dialogen i møtet. Tilbakemeldinga vår må såleis lesast i den samanhengen.

Ordførar Terje Søviknes ynskte velkommen og innleia dagen med informasjon om kommunen som samfunn og som arbeidsgjevar. Om å framleis kjenne på å vere ein samanslått kommune, og dei mogelegheitene og utfordringane det fører med seg å vere ein del av Bergens-regionen. God folketalsutvikling og vekst, kontra nok areal til bustadutvikling, tenestestruktur og storbyutfordringar. Om eit variert og voksande næringsliv, og korleis sikre nok areal å avsetje til dette. Samstundes opplever kommunen ein pressa kommuneøkonomi og stort styringstrykk frå staten.

Kommunedirektør Arild McClellan Steine orienterte om kva kommunen har gjort hittil innanfor tenestene, og korleis kommunen må rigge seg for framtida. Innanfor oppvekst, helse og omsorg er det no vedteke 11 utviklingsprosjekt som mellom anna handlar om ei heilskapleg innsatstrapp og kartlegging av bustader innanfor helse og omsorg.

Statsforvaltar Liv Signe Navarsete leia dagen vidare, og informerte om formålet med møtet.

Tenesteytar og myndigheitsutøvar
Tenesteområda for skule, barnehage, integrering og barnevern vart presenterte av kommunalsjef Line Rye. I tillegg deltok fagpersonar på enkeltområde. og orienterte om tenestene. Kommunen har jobba systematisk med kvalitet og system innanfor skuleområdet, og tykkjer no dei er vorte betre ved å ha fokus på individet og fellesskapet, i samråd med elevråd. Det er god kompetanse i skulane, men det er eit behov for fleire allmennlærarar.

I barnehagane har ein jobba med internkontroll, rutinar og rekruttering. Ein lyser i fleire tilfelle ut vikariat som faste stillingar for å betre på rekrutteringa. Det er variable opningstider i barnehagane. Alle barnehagane har gjennomført kurs, i forbindelse med at kommunen har delteke i eit forskingsprosjekt med Norce. Prosjektet Saman mot mobbing, legg vekt på tiltak mot mobbing, haldningar, uønska hendingar, dialog med foreldre m.m.

Familiens Hus har samla tenester innanfor barnevern, førebyggjande helseteneste, teneste til barn og familiar og PPT. Ein ser tenestene i samanheng der m a helsesjukepleiarar jobbar inn mot fleire tenester. Her jobbar ein og med flyktningar og introduksjonsprogrammet. Å få folk i arbeid, og norskopplæring er ofte ei vanskeleg oppgåve.
Mange barn og unge har utfordringar på fleire område. Det er no vedteke å oppretta eit «raudt team» som skal jobbe med tiltak for å hindra institusjonsplasseringar, noko som vil vera ein vinst både for kommunen og for tenestemottakaren. Det vert og lagt inn midlar til satsing på E-helse. Barnevernet har tilstrekkeleg med kompetanse, men kjøper i dag mange tenester privat som følgje av at kommunen ikkje har alle tiltak internt.

Anne Hjermann frå Statsforvaltaren følgde opp innleiinga der ordføraren peikte på omfattande statleg styring. Utdanningssektoren er svært regulert og tildeler mange individuelle rettar. I kva grad denne reguleringa er naudsynt og nødvendig vil det nok vere ulike syn på.

Mykje av Statsforvaltaren sin kapasitet går med til å handsame enkeltsaker og klager. Bjørnafjorden kommune er ein kompetent samtalepartner for oss, og gir oss både problemstillingar og tilbakemeldingar som er nyttige.

Kommunen meiner slike diskusjonar er nyttige. Det er positivt at Statsforvaltaren er klageinstans og gir kommunen gode tilbakemeldingar. Det er mange klager, og det kan vere vanskeleg i enkelte saker. Det er ønskjeleg med dialog undervegs med Statsforvaltar, og kommunen trur dei kan utvikle seg og bli betre ved å ha denne kontakten. Individfokuset har truleg «skubba ut» noko av det dialogfokuset som ein hadde meir av før.

Kommunalsjef Monica T Melvold orienterte om helse og velferd, og om at frisklivssentral og førebyggjande arbeid blir teke vidare som eit av dei 11 planlagde prosjekta. Kommunen har fått analysert pleie og omsorgstenesta, noko som viser at dei treng fleire korttidsplassar, og har mange brukarar med samansette behov. Demensomsorga er aukande, og tenesta må utbyggast. Det blir viktig å dimensjonere heimetenestene rett. Demografi og tilgang på helsepersonell er utfordrande, og ein treng velferdsteknologi som krev at ein må jobbe på nye måtar. Kommunen uttrykkjer bekymring knytt til forventningsgapet i helsereforma, at saker må behandlast raskare frå Statsforvaltar si side, og at ein treng dialog med Statsforvaltar i saker som gjeld rett til å motta helsehjelp.

Linda Svori frå Statsforvaltaren orienterer om at det er sendt spørsmål til departementet når det gjeld tolking på levering av helsetenester i område med spreidd busetnad. Videre meiner ho at prosjektet om Heilskapleg innsatstrapp på tenestene, og Bustadtrappa når det gjeld

omsorgsbustader og samarbeid med Husbanken, blir viktig framover, og vil løyse mange av utfordringane i dag. Ho uttrykkjer og at Statsforvaltaren ønskjer dialog med kommunane så langt det let seg gjere med tanke på kapasitet.

Styring og forvaltning.
Økonomisjef Ingrid Karin Kaalaas orienterte om den økonomiske situasjonen, og at ein i 2025 har lagt grunnlaget for det som skal skje vidare framover i perioden. Etter fleire år med negative netto driftsresultat legg kommunen no opp til ei drift som vil gi årlege positive resultat, for å sikre ei robust og berekraftig drift i framtida. Dette blir og viktig for å kunne handtere auken i renter og avdrag som følgje av auka investeringar framover. Kommunen har gode inntekter frå Havbruksfondet, men har ikkje innført eigedomsskatt.

Samfunnsutvikling og demokratisk arena
Kommunalsjef for samfunnsutvikling Eystein Venneslan orienterte om miljø og klima, plan og landbruk. I tillegg deltok fagpersonar frå kommunen på enkeltområde innanfor desse tema.
Det er vedteke KDP (kommunedelplan) for klima, energi og miljø, og KDP for naturmangfald er under arbeid der ein og skal utarbeide naturrekneskap.

E39 gjennom kommunen opnar for mykje, både kollektivtransport, næringsvekst og bustadvekst. Nye næringsareal blir tekne i bruk så fort dei blir klare.
Etter lite bustadbygging i 2024 treng ein no nye bustadfelt, og det er nødvendig med ei fortetting av bustader på Osøyro. Kommunen opplever «eit spenn» mellom myndigheitene og Statsforvaltar når det gjeld bustadbygging. Lyseparken vart nemnd spesielt. Det er og eit behov for ein overordna arealplan (KPA) for heile den nye kommunen.

Synnøve Stalheim frå Statsforvaltaren er samd i at det er ønskjeleg å få på plass ein arealplan for heile kommunen. Kommunen har lagt opp til ein stram framdriftsplan for arbeidet. Statsforvaltaren ønskjer å bidra i arbeidet, men hovudbidraget vårt vert når kommunen har fått utarbeidd eit grunnlag. Det er kome nye nasjonale føringar knytt til areal og mobilitet, og klima. I tillegg er jordvernet stramma betydeleg inn. Dei nye føringane må ivaretakast i planarbeidet.

Fylkeskommunen har utvikla arealrekneskap og bustadanalyse for alle kommunane i Vestland. Dette er eit verktøy som kan vere nyttig for kommunen.

Frå kommunen si side er det ønskjeleg at Statsforvaltar oftare kan komme ut og sjå på områda som skal regulerast og utbyggjast. Det er og viktig og hugse på at Bjørnafjorden og har små bygder, og ikkje berre pressområde. Statsforvaltaren ser at det er ulikt utbyggingspress i dei ulike delane av kommunen. Vi kan delta på synfaringar der det er hensiktsmessig, men då helst i samband med kommuneplanarbeid. Dette er ut frå kapasitetsomsyn.

Når det gjeld områda ved Lyseparken vert det lagt opp til eit eige møte om dette.

Aslaug Aalen frå Statsforvaltaren meiner at det viktigaste verktøyet for å ta vare på natur er gjennom KPA og at det er bra at kommunen har naturmangfaldplan under arbeid. Ho opplyser om at det er mogeleg å søke om tilskot frå Miljødirektoratet til naturkartlegging. Bra at det også er gjennomført investeringar i reinseanlegg på avløp. Vi har ein pågåande dialog om avvik etter eit tilsyn på avløpsanlegga i haust, men også tilbake i 2020. Dette ser ut til å ordne seg med det første.

Avslutningsvis vart det orientert frå beredskapsavdelinga om arbeidet dei gjer i beredskapsrådet, om eigenberedskap, og at ein har gode avtalar med lag og organisasjonar knytt til dette. Kommunen gav Statsforvaltaren god tilbakemelding på beredskapsøving i kriseleiing.

Statsforvaltar Liv Signe Navarsete takka for ein fin dag med god dialog, og at kommunen jobbar godt med utvikling og omstilling. Det er godt samspel mellom administrasjon og politikk.

Med helsing

Synnøve Stalheim
kommunaldirektør

Marit Lunde
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent